

Retningslinjer for:

- Tilskotsatsar til NMSK (nærings- og miljøtilskot i skogbruket)
- Tilskot til skogsvegar (landbruksvegar)
- Tilskot til taubanedrift, o.a. (driftstilskot) Gjeldande for Stranda, Sykkylven og Fjord kommunar frå og med 2026

Bakgrunn for retningslinjene for behandling av søknader om tilskot til NMSK-midlar, tilskot til bygging av skogsvegar og tilskot til taubanedrift m.m. i Stranda, Fjord og Sykkylven kommunar.

Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er styrande for tilskot i NMSK. Formålet med forskrifta er at det ut frå regionale og lokale prioriteringar blir stimulert til auka verdiskaping i skogbruket, samstundes som miljøverdiar knytte til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen blir tekne vare på og vidareutvikla.

Kommunen er i forskrifta gitt mynde til å fatte vedtak om tildeling av tilskot, og fastsetje overordna retningslinjer for prioritering av søknader.

I samsvar med forskrifta § 3 skal:

«Vedtak om tildeling av tilskot etter denne forskrifta blir fatta av kommunen.»

«Det skal fastsetjast overordna retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeidast i dialog mellom Statsforvaltaren, kommunane og næringsorganisasjonane i skogbruket lokalt.»

Kommunen får årleg tildelt to tilskotsrammer frå Statsforvaltaren:

«NMSK-midlar» som gjeld tilskot til skogkulturtiltak.

«LUF-midlar» som gjeld tilskot til bygging av skogsvegar og tilskot til taubanedrift m.m. (driftstilskot)

Kommunen lagar retningslinjer for prioriteringar for korleis dei tildelte tilskotsrammene skal fordelast på ulike tiltak, både for NMSK-midlar, tilskot til skogsvegar og driftstilskot.

Sakshandsaming i 2026

Forslag til retningsliner blei sendt til Stranda, Fjord og Sykkylven skogeigarlag og til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Sakshandsaming i 2026 skjer derfor administrativt etter høyring.

På dei neste sidene ligg dei tre ulike retningslinjene som blir foreslått fastsett:

1. Tilskotssatsar til NMSK (nærings- og miljøtilskot i skogbruket)
2. Tilskot til skogsvegar (landbruksvegar)
3. Retningsliner for tilskot til taubanedrift, o.a. (driftstilskot)

Tilskotssatsar til NMSK (nærings- og miljøtilskot i skogbruket) i Stranda, Fjord og Sykkylven gjeldande frå og med 2026–2028

Med heimel i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket fattar kommunane Stranda, Sykkylven og Fjord følgjande vedtak:

Følgjande maksimale tilskotssatsar for NMSK-midlar gjeld frå og med 2026-2028:

kode	Skogkultur	nmsk tilskott intill:	maks tilskott kr/da	maks kostnad kr/da
100	flaterydding	70 %	910	1300
101	markriving	50 %	400	800
120	nyplanting etter hogst av furu og lauv	70 %	1750	2500
120	nyplanting etter hogst av gran	30 %	750	2500
122	såing	30 %	180	600
130	suppleringsplanting	30 %	375	1250
131	ungskogpleie	70 %	910	1300
	Prioritering av søknadar av tilskott			
kode	Skogkulturtiltak	prioritering		
131	Ungskogpleie	1		
130	Suppleringsplanting	2		
120	Nyplanting etter hogst av lauv	3		
101	Markriving	4		
120	Nyplanting etter hogst av gran	5		
100	Flaterydding	6		

Tilskot til skogsvegar (landbruksvegar) i Stranda, Sykkylven og Fjord kommunar gjeldande for 2026-2028

Retningsliner for tilskot til skogsvegar frå og med 2026-2028.

Fastsatt med heimel i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Krav til veganlegget:

- Veganlegg med totalramme på byggearbeid over 200 000 kr skal konkurranseutsetjast.
- Før anleggsarbeidet blir sett i gang skal vegen vere godkjend av kommunen etter landbruksveiforskrifta eller plan- og bygningslova, og det skal liggje føre ein byggeplan godkjend av kommunen. Punktutbetring må førehandsgodkjennast.

Kommunen kan setje krav om bruk av planleggjar med kompetanse på landbruksvegar.

Vilkår:

- Vegen skal inngå i det permanente vegnettet.
- Søknaden skal gjelde punktutbetring, nyanlegg og/eller ombygging. Det skal vere planlagde snu- og velteplassar.
- Det kan setjast vilkår for utbetaling av tilskot, jf. § 3 i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Vilkåra må vere i samsvar med formålet.
- Minste indre diameter på stikkrenner er 400 mm. For reint dreisføremål kan diameteren vere 150 mm.

Prioriteringsgrunnlag for tilskot:

Prioriteringsliste	Prioritering
Skogbilveg planlagt iht. hovudplan	1
Løysing av flaskehals, snuplass og velteplass	2
Skogsbilveg som ikkje inngår i hovudplan	3
Traktorvegar	4

- Det blir vurdert om vegen vil bidra til å ta bort grunnlaget for større samarbeidsprosjekt.

- Samarbeidstiltak blir prioriterte framfor enkeltskogeigarar.
- Lønsame vegar blir prioriterte, ulønsame kan avslåast.
- Det blir vurdert om vegen vil utløyse stor aktivitet på kort sikt.
- Jordskiftevegar blir prioriterte framfor andre vegar der alle andre forhold er like.

Søknad, saksbehandling og utbetaling:

- Søknad på skjema SLF-903 skal sendast kommunen.
- Standard på tilknytt offentleg veg skal avklarast. Det blir ikkje gitt tilskot dersom tilkomsten ikkje toler trafikken.
- Søknadsfristar: 15. mars og 15. august. Fortløpende etter 15. August.
- Skjema SLF-904 skal brukast ved utbetaling.
- Kommunen har ansvar for kontroll, godkjenning av arbeid og sluttrekneskap.

Tilskotssatsar:

- Skogsbilveg inkludert snu- og lunneplassar: inntil 40 %.
- Vegar etter hovudplan eller førebels hovudplan: inntil 50 %.
- Traktorveg klasse 7-8: 20–30 %.
- Tilskot til vegplanlegging/byggeleiing: same sats som vegbygging + 5 % for godkjend planleggjar + 3 % for prosjektleiar med vegplanleggarkompetanse.
- Særskilt ulempetilskot kan gjevast i samband med klimatilpassing/sikring.

Tilskot til taubanedrift, o.a. (driftstilskot) i Stranda, Sykkylven og Fjord frå og med 2026-2028

Fastsett med heimel i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Driftsformer som ordninga omfattar:

- Taubane-/slepebanedrift (*krav om godkjenning av skogbrukssjef*)
- Drift med T-vinsj (*krav om godkjenning av skogbrukssjef*)
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng for å redusere behovet for graving i hogstfelt
- Drift med lang driftsveg der det ikkje er økonomisk grunnlag for å bygge skogsbilveg (*krav om førehandsgodkjenning av skogbrukssjef*)
- Drift av glissen skog på høg bonitet, med krav om skifte til treslag som utnyttar produksjonsevna (*krav om førehandsgodkjenning av skogbrukssjef*)
- Treslagsskifte ved hogst av lauv og hogst av furu på høg bonitet (som etter treslagsskifte får bonitet G17 eller høgare) (*krav om førehandsgodkjenning av skogbrukssjef*)

Vilkår:

- Taubanedrift skal berre prioriterast der gravedrift eller drift med T-vinsj ikkje kan gjennomførast
- Virket skal vere registrert i virkesdatabasen
- Kommunen skal førehandsgodkjenne alle taubane-/slepebanedrifter og T-vinsj-drifter (*minstealder på ulike bonitetar for taubanetilskot står nedst i dokumentet*)
- Vedtak om driftstilskot skal innehalde nødvendige vurderingar etter naturmangfaldlova, jf. rettleiing frå Landbruksdirektoratet
- All skogsdrift skal gjennomførast i tråd med forskrift om berekraftig skogbruk
- Det kan setjast vilkår ved løyving av tilskot
- Det skal ikkje givast tilskot der areal skal omdisponerast
- Tilskot til lang køyring skal vurderast opp mot grunnlaget for framtidig vegbygging, og skal ikkje givast dersom vegbygging er lønsamt
- Tilskot til lang terrengtransport skal berre givast der skogeigar/tømmerkjøpar dokumenterer at vegbygging ikkje er lønsamt (*kan dokumenterast med lønsemdskalkulator på www.skogsvei.no → Økonomi*)
- Det skal ikkje givast tilskot til lang terrengtransport dersom det finst alternative transportruter som gir kortare køyrelengde

Søknad, sakshandsaming og utbetaling:

- Søknad på skjema **SLF-916** skal nyttast
- Søknader blir behandla fortløpande
- Kommunen løyver, kontrollerer, vurderer støttenivå og attesterer
- Statsforvaltaren står for utbetaling
- Minste beløp for utbetaling er **kr 4 000**

Tilskotssatsar:

- **Taubanedrift furu og lauv:** i samsvar med taubanekalkulator*
- **Taubanedrift gran:** i samsvar med taubanekalkulator*
- **Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng:** 40 % tilskot for dokumentert kostnad. Maksimal kostnad er **700 kr/time**.
- **Driftsveglengd over 1,3 km:** 20 kr/m³
Over 2 km: 40 kr/m³
- **Ved treslagsskifte,** med førehandsgodkjenning frå kommunen:
 - inntil **100 kr/m³** for hogst av lauv
 - inntil **70 kr/m³** for hogst av furu på høg bonitet (G17 og høgare)
- **Drift med T-vinsj:** 20 kr/m³

Maksimalt to av tilskotsordningane kan kombinerast.

Bonitet	Lågaste hogstalder
G23	55
G20	65
G17	75
G14	85

Alderskrav for hogst av tømmeret for tilskotta kan fråvikast av helsemessige eller andre orsakar, ved vurdering og godkjenning frå skogbrukssjef.

* Taubanekalkulator

Statsforvalterne i Innlandet, Vestland og Møre- og Romsdal fylker har de siste åra samarbeidet om en

Taubanetilskot:

Virkesverdi	800 kr per m ³
Driftskostnad	600 kr per m ³
Tilskot	50 kr per m ³

		Gjennomsnitt virkesverdi					
		500	600	700	800	900	
375		120	25	0	0	0	
400		130	50	0	0	0	
425		150	75	0	0	0	
450		170	100	0	0	0	
475		190	120	25	0	0	
500		200	130	50	0	0	
525		200	150	75	0	0	
550		200	170	100	0	0	
575	Driftskostnad	200	190	120	25	0	
600		200	200	130	50	0	
625		225	200	150	75	0	
650		250	200	170	100	0	
675		250	200	190	120	25	
700		250	200	200	130	50	
725		250	200	200	150	75	
750		250	200	200	170	100	
775		250	200	200	190	120	
800		250	200	200	200	130	
825			0	0	0	0	150
850			0	0	0	0	170
875			0	0	0	0	190
900			0	0	0	0	200
925			0	0	0	0	0
950		0	0	0	0	0	
975		0	0	0	0	0	
1000		0	0	0	0	0	

felles anbefaling av hvordan tilskudd til drift med taubane bør forvaltes i kommunene. De har utarbeidet en kalkulator som beregner tilskudd til taubanedrifter. Den ser slik ut: